

Helse- og omsorgsdepartementet
Postboks 8011 Dep
0030 Oslo

Att. Austbø Trine Simonsen

Dykkar ref:

Vår ref:

2014/916 - 6044/2014

Sakshandsamar:

Ingvill Skogseth 51 96 38 12

Dato:

17.11.2014

Høyring - Forslag til endringar i legemiddelforskrifta

Vi viser til høyring frå Helse- og omsorgsdepartementet datert 6. oktober 2014 med forslag til endringar i legemiddelforskrifta § 12-15 om berekning av trinnpris. Forslaget inneberer at trinnprisane for virkestoffet atorvastatin blir redusert.

Helse Vest RHF støttar forslaget om redusert trinnpris for atorvastatin og heving av bagatellgrensa.

Vi vil samstundes nytte høvet til å kommentere at det også er behov for ei justering av maksimalprisar på legemidlar som berre blir brukt i sjukehus. Erfaringane frå dei siste åra med sterkt rabatterte LIS-prisar på cytostatika som blir nytta mykje i sjukehus, og derav leveringsproblem, har vist at differansen mellom rabattpris (=markedspris) og maksimalpris er kunstig høg.

for: 
Hans K. Stenby
plansjef


Ingvill Skogseth
seniorrådgjevar